



LDO OG NHO REISELIV

Saman mot utelivsdiskriminering



Forord

Likestillings- og diskrimineringsombodet (LDO) og NHO Reiseliv har sett søkjelyset på utelivsdiskriminering.

LDO og NHO Reiseliv har stor tillit til utelivsbransjen og trur at bransjen ønskjer å vere inkluderande og behandle gjestene på ein ordentleg og ikkje-diskriminerande måte.

Vi ser også dei utfordringane bransjen har når det gjeld å sikre eit hyggjeleg og trygt uteliv. Vi håpar denne rettleiaren kan vere til hjelp både for bedriftene og dei tilsette, slik at ein kan unngå diskriminering.

Vi har laga rettleiaren til bruk for utelivsbransjen og andre som driv restaurantar og liknande.

Kvifor ein rettleiar?

Menneske som er blitt stengde ute frå å delta i vanlege sosiale samanhengar og er blitt nekta tilgjenge eller servering, fortel at dei opplever slike erfaringar som både belastande og krenkjande. Diskrimineringslovgjevinga forbyr ein utestad, ein restaurant osv. å forskjellsbehandle gjester dersom forskjellsbehandlinga har samanheng med

- etnisiteten, det nasjonale opphavet, religionen, livssynet og språket til gjesten
- at gjesten har nedsett funksjonsevne
- kjønnet til gjesten

Eit eksempel på slik ulovleg forskjellsbehandling har ein der ein utestad nektar personar å kome inn på grunn av hudfargen deira, altså utan at det ligg føre lovheimel for å avvise dei, for eksempel alderen eller graden av alkoholpåverknad. Ein restaurant har heller ikkje høve til å nekte personar servering på grunn av at funksjonsevna deira er nedsett. Det er heller ikkje lov å ha ulik inngangspris på utestaden for kvinner og menn.

Diskrimineringsforbodet gjev også eit vern mot diskriminering på grunnlag av etnisiteten til ein tredje person. For eksempel er det forbode å avvise ei etnisk norsk kvinne frå ein utestad fordi mannen hennar har ein annan hudfarge.

Det har ingenting å seie for vurderinga av spørsmålet om diskriminering om utestaden har meint å diskriminere eller ikkje. Det avgjerande er at ei handling eller ei unnlating faktisk verkar diskriminerande.

Utover dei formene for diskriminering som er nemnde i oppstillinga på førre sida, er det også straffbart å nekte nokon servering eller tilgjenge til ein utestad på grunn av religion eller livssyn, hudfarge, nasjonalt eller etnisk opphav eller homofil legning, leveform eller orientering, jf. straffelova § 349a. Straffa for brot på dette forbodet er bøter eller fengsel i opptil seks månader.

Dersom det viser seg at ein utestad har diskriminert nokon, kan utestaden bli erstatnings- og/eller oppreisningsansvarleg for den belastninga den diskriminerte er blitt utsett for. Skjer det diskriminering fleire gonger ved skjenkestaden som følgje av religionen eller livssynet, hudfargen, det nasjonale eller etniske opphavet eller den homofile legninga, leveforma eller orienteringa til ein person, kan skjenkjetaket også inndragast. Dette følgjer av alkohol-lova § 1-8 (3), som viser vidare til forbodet i straffelova § 349a.



Rutinar og ansvar – kven slepp inn?

Utestadene har eit sjølvstendig ansvar for å handle i samsvar med diskrimineringslovene. Eit praktisk tiltak som kan vere viktig for verksemndene , er å setje opp klare og tydelege retningslinjer som seier kva for kriterium ein kan leggje vekt på for å kunne avvise ein gjest når det trengst.

Retningslinjene bør i så fall vere skriftlige, og ein bør gjere alle tilsette kjende med dei. Vidare bør slike retningslinjer bli ein del av det ordinære opplæringsprogrammet for nytilsette. Dette er viktig for at ein skal kunne handtere ulike situasjonar på ein einskapleg og konsekvent måte, og for å unngå at gjestene får ulik behandling.

Med tydelege og klare retningslinjer som dei tilsette kjenner godt, blir utestadene også tryggare på at dei handterer vanskelege situasjonar på rett måte, og på at gjestene får eit likeverdig tilbod.

Det vil vere nyttig for gjestene dersom det finst tydelege reglar, gjerne som oppslag ved inngangsdøra, som gjer det klart kva som gjeld på den einskilde utestaden med omsyn til kleskode, alder, krav til identifikasjon, oppførsel og anna.

På same måten er det av interesse for gjestene å få vite om det er eit lukka arrangement, og/eller om det gjeld ei gjesteliste for kvelden.

Dersom ein må ha medlemskap for å kome inn, bør også dette vere informasjon som gjestene får klar melding om.

Retningslinjer og loggføring

Godre retningslinjer og godre opplæring av dei tilsette medverkar til å skape ryddige rutinar på utestadene. Dette er med på å tryggje at gjestene får likeverdig behandling, og det gjev dei tilsette eit godt verktøy når dei skal gjere dei rette vurderingane i det daglege arbeidet.

Sjølv med gode rutinar kan det skje feilvurderingar. Da er det viktig at verksemda har skriftlege retningslinjer for korleis ein skal behandle klager frå einskildpersonar.

For at det skal være mogleg for verksemda å behandle klager frå enkeltindivid som meiner at dei er blitt utsette for diskriminering, bør alle avvik protokollførast.

I utgangspunktet har alle menneske som oppfyller dei generelle kriteria for å kome inn, for eksempel krav om alder og kleskode, tilgjenge til utestader som er opne for ålmenta. Dersom ein gjest blir avvist, må det være på grunn av andre avvik, for eksempel for sterk alkoholpåverknad eller truande framferd.

Dersom ein loggfører slike avvik, blir det mykje enklare for verksemda i ettertid å ta stilling til ei klage frå den som blei avvist. I loggen bør ein ta med opplysningar om tidspunktet og årsaka til avvisinga. Vi anbefaler at det også går fram kven som har avvist gjesten.

Loggføring av avvik gjer det også lettare for verksemda å handtere ei eventuell klage til LDO eller politiet om mogleg diskriminering.





Foto: Colourbox



Likestillings- og
diskrimineringsombudet

Besøksadresse: Mariboes gate 13
Postadresse: Postboks 8048 Dep, 0031 Oslo
Telefon: 23 15 73 00
Faks: 23 15 73 01
SMS: 95 92 05 44

Grønt nummer: 800 41 556
Web: www.LDO.no
E-post: post@ldo.no
ISBN: 978-82-92852-53-8



NHO
REISELIV